

# 1 Fire hovudtema

2

## 3 Hovudtema 1:

4 **Støtte opp under familieøkonomien.** Veksande prisar, renteauking og straumprisar  
5 gjer store innhogg i pengeboka til folk. Sjølv om vi har hatt eit relativt godt  
6 lønsoppgjer i år vil mange komme til å slite. Samstundes ser vi at dei på toppen  
7 springer frå og skilnaden på topp og botn veks. Det er begrensa kva kommunen kan  
8 gjere, men for SV vil det vere viktig at kommunen bidrar der den kan.

9

10 Typiske saker under dette temaet (dette er eksempel):

- 11 - Pris på offentlege tenester, SFO, barnehage, kulturskole mm.
- 12 - Bustadpris. Sikre nok bustader til ein overkomeleg pris. Også mange er  
13 trangbudde i Tromsø. Rett bustad til rett pris. Kommunen må bygge og gjere  
14 tilgjengeleg fleire bustader
- 15 - Arbeidet med fattigdom i Tromsø, som vi dessverre ser er veksande. Typiske  
16 saker, prosjekt for å motvirke barnefattigdom og utanforskap

17

## 18 Hovudtema 2:

19 **Ta vare på nærnaturen og bekjempe klimaendringane.** Det å bekjempe  
20 klimaendringane og å ta vare på nærnaturen er grunnleggane viktig for framtida vår.  
21 Dette er eit område der kommunen potensielt kan gjere ganske mykje, spesielt på  
22 arealbruksområdet.

23 Typiske saker under dette temaet (dette er eksempel):

- 24 - Ikkje tillate nedbygging av natur og grønne lunger i KPAen
- 25 - Ta vare på havområda våre gjennom kystsonenplanlegginga
- 26 - Arbeide for fossilfrie byggeplassar og landstraum i havna
- 27 - Bruke dei kommunale selskapa, for eksempel Remiks
- 28 - Innkjøp og bygg etc
- 29 - Byvekstavtalen

30

## 31 Hovudtema 3:

32 **Det skal vere godt å vekse opp i Tromsø.** Tromsø slit med utanforskap, skolevegring  
33 og manglande gode møteplassar for ungdom. I perioden som har gått har vi opna nye  
34 ungdomsklubbar, utvikla Grab og auka løyvingane til skole. Vi vil at den positive  
35 utviklinga skal halde fram.

36

37 Typiske saker under dette temaet (dette er eksempel):

- 38 - Utvikle ungdomsklubbane og sikre både tilbod i alle bydelane og meir
- 39 spesialiserte tilbod slik at alle kan finne noko dei er engasjerte i.
- 40 - Styrke skolane og dei praktiske faga i skolen.
- 41 - Vidareutvikle tilboda til ungdom som slit psykisk
- 42 - Rekruttering av fagfolk

43

## 44 Hovudtema 4:

45 **Det skal vere godt å bli gammel i Tromsø.** Helse og omsorg slit med mykje i Tromsø.  
46 Framleis er mangelen på bustader med heildøgns omsorg eit problem, men vi har  
47 tatt viktige steg i rett retning dei siste fire åra og blitt betre på tidleg innsats og rett  
48 tilbod til alle. Det blir fleire eldre og vi vil sikre at vi har eit godt nok tilbod til dei som  
49 blir sjuke og må ha omsorgsbustad eller sjukeheimsplass. Likevel er det aller  
50 viktigaste å forebygge. Vi må utvikle heile Tromsø som eit aldersvenleg samfunn der  
51 det blir mogleg å bu heime lenge, planlegge eiga alderdom og vi unngår einsemd.

52

53 Typiske saker under dette temaet (dette er eksempel):

- 54 - Vi skal bygge nye Kvaløysletta BOV og ta i bruk Kroken
- 55 - Sette fart på prosjektet «Aldersvenleg samfunn»
- 56 - Sikre gode byrom og møteplassar som er tilpassa alderdomen
- 57 - Rekruttering av fagfolk

58